

Statens vegvesen
Region vest

firmapost-vest@vegvesen.no

Vår dato: 11. mai 2015
Vår ref.:

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

E134 Bakka-Solheim. Sak 2013/010071. Høyringsuttale.

E134 Haukelivegen AS er glad for at planforslaget for denne strekninga nå er presentert og vil kome med følgjande uttale:

Hovudkonklusjon.

- a. Den framlagte dokumentasjonen med generell omtale, kartskisser og alternativdrøfting gir etter vårt syn eit godt grunnlag for å vurdere avvegingar mellom ulike alternativ og dei konklusjonar som er trekt for kvar delstrekning.
- b. Framlegg til løysing for heile strekninga framstår som gjennomtenkt og godt grunngjeve.
- c. På kvar delstrekning blir det konsekvent tilrådd alternativ som ikkje gir unødige forlenging av vegen. Det blir også gjort ei tydeleg drøfting av byggekostnader kontra trafikanntytte.

Vi støttar desse strategiane som vi meiner gir gode løysingar utan å medføre unødige kostnader for bygging eller drift.

Vi vil i tillegg peike på følgjande:

I vidare planlegging (reguleringsplan) foreset vi at det blir tatt høgde for framtidig trafikkutvikling både når det gjeld båndlagt areal og første byggefase. Mellom anna må andelen 3-feltsveg vurderast nærare og ikkje automatisk leggjast på minimumskravet etter nåverande vegnormal.

Med vennleg helsing

E134 Haukelivegen AS



Børge Skårdal, dagleg leiar

97037989

bs@vtnu.no

Postadresse:

Postboks 134

3890 VINJE

 bs@vtnu.no

Telefon:

Direkte: 97 03 79 89

www.134.no

Bank: Gjensidige Nor

Konto: 1604.01.05178

Føretaksnummer:

982 420 857



VEGFORUM ØST-VEST

Førresfjorden, 4. mai 2015

Statens vegvesen Region vest
 Askedalen 4
 6863 Leikanger

E134 BAKKA-SOLHEIM. HØYRING AV FRAMLEGG TIL KOMMUNEDELPLAN MED KONSEKVENSGREIING

Vegforum Øst-Vest syner til Dykkar høyringsbrev av 25. mars 2015 vedkomande ovanstående og vil kome med følgjande merknader:

Generelle merknader.

Vegforum Øst-Vest meiner at E134 i framtida vil bli det desidert viktigaste sambandet mellom Vestlandet, sør for Sognefjorden og Oslofjordområdet. I dag soknar ei folkemengd på nærare 3 millionar til vegen og denne folkemengda vil i høve til SSB sine analysar auke til rundt 4 millionar i 2030. Parsellen mellom Solheim og Bakka er ein viktig del av det framtidige hovudvegsambandet mellom Vestlandet og Austlandet.

Parsellen mellom Solheim og Bakka vil etter vår oppfatning få ein monaleg auke i trafikkvolum dei næraste åra. Dette skyldes primært gjennomføringa av Rogfast som saman med øvrige oppgraderingsprosjekter på E134 (nye Haukelitunneler m.m.) vil innebære at Stavanger og Nord-Jæren får redusert reiseavstanden til Austlandet med rundt 10 mil, samanlikna med å nytte E39 til Kristiansand og E18 vidare mot Austlandet.

Etter Vegforum Øst-Vest si oppfatning bør ambisjonsnivået vedk. vegstandard på denne viktige parsellen mellom Solheim og Bakka hevast monaleg i høve til dei førestenader som er lagt til grunn i planprogrammet. Ein fremtidsretta standard på denne parsellen, vil som elles på E134, etter vår oppfatning vera ein fire-felts motorveg. Ved evt. gjennomføring av vegen med lågare vegstandard, er det viktig at det under planlegging og gjennomføring vert teke

Styreleder:
 Svein Sem
 Heddalsvn. 590
 3677 Notodden
 Mob.: 902 83 121

Nestleder:
 Nicolai Østhus
 Asparhaug 20
 5563 Førresfjorden
 Mob.: 982 56 350

Styremedlem:
 Halvor Grene
 Skavangerveien 38
 3617 Kongsberg
 Mob.: 970 56 029

høgde for at vegen på sikt vert utvida til fire-felts veg, mellom anna ved bandlegging av areal og ved utforming av vegen sin kurvatur.

Vegforum Øst-Vest meiner generelt at det er uheldig at Vegnormalane er lagt opp slik at vegstandard primært vert bestemt ut fra trafikkmengd. Ut frå omsynet til nasjonale mål som mellom anna redusert reisetid, burde vegen sin funksjon som hovudsamband mellom to viktige landsdelar, vore styrande for val av veinormalstandard.

Merknader til SVV sine trasépreferansar.

Vegforum Øst-Vest er generelt svært nøgd med SVV sine trasépreferansar for strekninga Bakka-Solheim, som med unnatak av parsellen frå Håfoss til Bakka, samsvarer med våre vurderingar, jamfør Vegforum Øst-Vest si høyringsfråsegn til SVV av 5. februar 2014.

Vegforum Øst-Vest meiner at SVV sine analyser ikke fangar opp potensialet for nyskapt trafikk som resultat av at E134 med forgreningar på sikt vil skape større samanhengande arbeidsmarknader, og at vegen vert ei naturleg hovedåre mellom Austlandet og Vestlandet. Medan Statens Vegvesen har kalkulert med ein årsdøgnstrafikk (ÅDT) på 8250 i 2050, meiner Vegforum Øst-Vest at vegen har eit større potensial og vil på sikt kunne forsvare ein standard som fire-felts motorveg. I denne omgang er det spesielt viktig at parsellen frå Etne til Bakka vert oppjustert frå H4 til H5. Samstundes må heile strekninga frå Bakka til Solheim planleggjast på ein slik måte at det seinare vert enkelt med oppgradering til fire-felts motorveg.

Vegforum Øst-Vest meiner at vegkryss generelt vil kunne medføre oppstykking av trafikken og redusert trafikkflyt. Difor bør antal vegkryss reduserast så mykje som mogleg. Vegforum Øst-Vest har merka seg at det berre på strekninga mellom Ølen og Bakka er gjort framlegg om bygging av 5 vegkryss (Fikse, Vågen, Mo, Hovland og Noreim), og vi vil be SVV om å vurdere antalet på ny.

Vegforum Øst-Vest sin oppsummering med konklusjonar:

- Vegstandarden på parsellen frå Etne til Bakka bør oppjusterast frå H4 til H5.
- Ved planlegging og gjennomføring av vegen (Solheim-Bakka) må det takast omsyn til at vegen på sikt vert utvida til fire-felts veg, mellom anna ved bandlegging av areal og ved utforming av vegen sin kurvatur.
- Antal vegkryss bør vurderast redusert.

Vegforum Øst-Vest



Nicolai Østhus



Pb 78
5591 ETNE

Vår dato
11. mai 2015

Vår referanse
AM/DL

Statens Vegvesen
Region Vest
firmapost-vest@vegvesen.no

E134 BAKKA-SOLHEIM - FORSLAG TIL KOMMUNEDELPLAN, SAK: 2013/010071

- Høyringsuttale Fikse Næringsutvikling

Me syner til høyringsbrev av 25.03.2015, der forslag til kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E134 mellom Bakka og Solheim vart lagt fram.

Vektlagde omsyn

Me legg primært vekt på omsyn som er viktige for næringslivet i området. I nokre tilfeller må næringsinteresser også vektast mot kvarandre for å finne beste løysingar.

Det er viktig for det lokale næringslivet at Vindafjord og Etne er eit attraktivt område å busetja seg og bli verande for arbeidstakarar, difor ligg dette også til grunn for våre innspel.

Etter ein grundig planprosess, legg me i hovudsak vegvesenet si tilråding til grunn, der me ikkje finn avgjerande grunn for anna.


Vegstandard og planlegging for framtida

Allereie i løpet av planprosessen med Bakka-Solheim har føresetnadane for standardval endra seg monaleg, og utfall av prioritering av aust-/vest-forbindelse kan endre dette ytterlegare. Me tilrår at ein i planlegginga tar høgd for stor utvikling og store endringar, det inkluderer eventuell framtidig satsing på fire-felts veg. Når det gjeld bygging av traséen i vonaleg nær framtid, føreslår me som i uttalen til planprogrammet, at ein vurderer 3-felts veg, der forbikøyringsfelta vert trekt ut til samanhengande 3-felt med vekselvis forbikøyring for køyreretningane.

Strekningsvise innspel

Delstrekning	Merknad
VA Solheim - Ølensvåg	<p>Linjeføring i både plan og profil tilseier val av eit av alternativa i Vatndalen. Det må sikrast gode løysingar for tilkomst til Knapphus og Fv. 46.</p> <p>Kryss bør liggje over Ølensvåg, slik at dette også blir nytta av trafikk som skal frå Bjoavegen og austover. Det må takast omsyn til eksisterande, planlagd og potensiell bustadutvikling i Ølensvåg.</p>
VB Ølensvåg - Fikse	<p>Ein bør tidleg søkje nye løysingar for private og bedrifter som vert råka av ny trasé, blant anna næringsområdet på Nerheim.</p> <p>Grunna stor tungtransport bør ein sjå på om ein kan få alternativ kopling mellom Fatland og kryss ny trasé/Sandeidvegen, slik at denne trafikken slepp køyre i sentrum.</p> <p>Det bør leggjast til rette for næringsareal i tilknytning til kryss ved Ølen.</p> <p>Fikse er eit framtidig viktig næringsareal. Ein bør leggje til rette for ei god kryssløysing for tilkomst til dette området, samt vestovergåande trafikk frå Etne sør/Ølen aust.</p>

ØA Fikse - Moe	<p>Eit alternativ ØA-I-c har i konsekvensutgreiinga synt seg vera ei dyr løysing. Me tilrår difor ØA-I-b, med to kryss i tilknytning til Etne sentrum. Det er viktig at både krysset ved Moe og Vågen vert realisert, for god tilgang til sentrum. For god trafikkflyt er det viktig at desse kryssa begge er planskilde kryss.</p> <p>Når det gjeld tilkomstveg til/frå sentrum og krysset i Vågen, meiner me det mest naturlege vil vera å halda "fartsretningen". altså alternativet utan slynge. Stigningsgraden må nesten reknast for distansen bilisten køyrer, anten det er eksisterande eller ny veg.</p>
ØB Moe - Bakka	<p>Det er eksisterande og planlagd masseuttak i området. I ein anleggsperiode kan ein med god koordinering dra gjensidig nytte av vegbygging og masseuttak.</p>



Asbj. Moe

Asbjørn Moe
 Fikse Næringsutvikling
 Etne og Vindafjord